



En til En Arkitekter  
Øvre Korskirkesmug 2B  
5018 BERGEN

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 14/467 - 18/17851

Saksbehandlar:  
Tone Margrethe Berland Furustøl  
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:  
04.06.2018

## Løyve til fråvik frå energikrav og lufttettleik i byggteknisk forskrift - gbnr 212/56 Eikanger Øvre

### Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar: Bjørn Nøstdal Jespersen  
Ansvarleg søker: En til En Arkitekter  
Søknadstype: Søknad om fråvik frå TEK etter pbl § 31-2

### Tiltak

Saka gjeld søknad om fråvik frå tekniske krav i byggverk – energikrav og lufttettleik – for bruksendring av eksisterande fritidsbustad med oppføring av tilbygg, datert 30.04.2013 og supplert 04.06.2018.

I samanheng med søknad om ferdigattest, datert 01.05.2018, var det i e-post av 25.05.2018 etterlyst uavhengig kontroll for lufttettleik, evt. ein redegjørelse kvifor dette ikkje var sendt inn. Ansvarleg søker viser i e-post av 31.05.2018 at det er søkt om fråvik frå TEK10 i eksisterande byggverk. Vi viser til rammeløyve, datert 22.04.2014, der det vert vist til søknad, datert 30.04.2013 ,som inneheld søknad om fråvik frå TEK10 for eksisterande byggverk. Søknaden var på dette pkt. for mangelfull til å kunne handsamast. Ansvarleg søker har i e-post, datert 04.06.2018, supplert søknaden med nødvendig tilleggsinformasjon slik at vi no kan handsame søknaden om fråvik frå tekniske krav i byggverk – energikrav og lufttettethet – for bruksendring av eksisterande fritidsbustad med oppføring av tilbygg.

Det er opplyst at det nye tilbygget varetar tettheitskrav iht. TEK10 (blå sone). Tettleikskrav er utført etter TEK10 så langt det samsvarer med det opprinnelege estetiske miljø i eksisterande fritidsbustad (grøn mellomsone). I grøn mellomsone er del av eksisterende hytte bygd om til kjøkken. Det er tilleggsisolert i golv, veger og tak samt nye vindauge og dører. Eksisterende fritidsbustad er ikkje ombygd (rød sone). I rød sone er eksisterende hytte gitt ny kledning, delvis tilleggsisolerte veggar samt nye vindauge og dører.



## **Tekniske krav til byggverk**

Tiltak skal som hovedregel prosjekterast og først opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5. Det er søkt om fråvik fra tekniske krav i byggteknisk forskrift, TEK 10, jf pbl § 31-2, for tiltak på eksisterande bygg utan å vise til konkret bestemmelse. Slik vi forstår gjeld fråviket krav sett i

- §1 4-1,2,3 og 5: Energi

## **Tekniske krav til byggverk**

Kommunen har vurdert søknaden om fråvik fra tekniske krav sett i byggteknisk forskrift TEK 10 og finn at vilkåra for å fråvika tekniske krav til byggverk er oppfylt. Kommunen forstår søknaden slik at det omsøkte fråviket gjeld tiltak i eksisterande bygning. Tilbygg skal etablerast i samsvar med TEK 10.

## **VEDTAK**

- 1. Med heimel i plan- og bygningslova § 31-2 vert det godkjent fråvik fra tekniske krav i byggteknisk forskrift, TEK10, for tilhøve som gjeld §§ 14-1,2,3 og 5 slik det er søkt om .**

## **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

## **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunnleggjast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 14/467**

## **Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

## **Bortfall av løyve**

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

## **Avfall**

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Bjørn Nøstdal Jespersen  
En til En Arkitekter

Eidsnesvegen 17      5913  
Øvre                    5018  
Korskirkесmug 2B

EIKANGERVÅG  
BERGEN

**Mottakarar:**

En til En Arkitekter

Øvre                    5018  
Korskirkесmug 2B

BERGEN